

Andrew Greenwood

Dato: 20.12.2024
Vår referanse: 2022/4994-55
Sakshandsamar: Åsne Skjøtskift Øygarden

Innspill til Reguleringsplan i Vinje Kommune for Flåmyrene III plan ID 20220001 - svar

Syner til e-post 20.12.24 om merknader til planframlegg for Flåmyrene III som er på høyring og offentlig ettersyn.

Alle plandokument ligg offentlig tilgjengelege i kommunen sitt planregister på arealplaner.no. Det er ikkje alle dokument som blir sendt ut i sjølve høyringsbrevet, men i høyringsbrevet ligg det lenke til det digitale planregisteret for den aktuelle saka, slik at ein kan finne relevante saksdokument. Planregisteret skal vera oppdatert til einkvar tid.

Manglane i C-teikningane er teke til vitande, og er meldt attende til konsulent for oppretting. Kommunen set krav til at c-teikningane er oppdatert før saka blir teke opp til 2. gongs handsaming. Det blir ikkje gjeve utsatt høyringsfrist knytt til oppdateringane av c-teikningane då plankartet tydleg syner plassering av vegar og fyllingsfot for anna vegareal ut i frå terrengtilpassing.

Rettleiar om planlegging av fritidsbustader ligg til grunn for planlegginga. Vurderingar og tilpassingar gjerast i reguleringsplanen.

Etter 2. gongs handsaming blir planen kunngjort etter plan- og bygningsloven der rørte partar og offentlege instansar blir varsla med brev om vedteken plan med informasjon om klagerett og klagefrist. Dersom det kjem inn klage på vedtaket må klaga takast opp for klagehandsaming for ny vurdering.

Tiltakshavar av reguleringsplanen har rett til å fremme ein reguleringsplan i tråd med overordna kommunedelplan. Det er naturleg at det blir gjort justeringar av eit planframlegg fram til 1. gongs handsaming i dialog med kommunen og andre innspel frå varsel om oppstart. Det er gjort enkelte endringar på planframlegget som var til allmøtet, noko som er ein del av planprosessen. Endeleg planframlegg er 1. gongs handsama i planutvalet, og ligg no på høyring og offentlig ettersyn, der rørte partar kan koma med høyringsinnspel.

Med helsing

Åsne Skjøtskift Øygarden

rådgjevar plan

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Andrew Greenwood

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK